



## Notat

Dato: 23.02.2017  
Arkivsak: 2015/8848-16  
Saksbehandlar: beagran

---

Til: Kontrollutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### **Tiltaksplan - oppfølging av forvaltningsrevisjon skoleskyss - status pr. 23. februar 2017**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 30/16 i møte 14.6.16:

#### **«Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016**

*Line Margrete Johansen fra Deloitte presenterte revisjonsrapporten.*

*Innstillinga vart samrøystes vedteken.*

#### **Vedtak**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av skuleskyss ber fylkestinget fylkesrådmannen syte for å:

1. Etablere eit forvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova for styring, oppfølging og kontroll av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune. Eit slikt system bør mellom anna innehalde:

*Tydeleg avklart ansvarsdeling mellom Skyss og samferdselsavdelinga, mellom Skyss og kommunar og mellom Skyss og operatørar som Skyss har kontrakt med.*

*Tydeleg avklarte arbeidsoppgåver og ansvarsdeling for arbeidet med skuleskyss internt i Skyss.*

*Oppdaterte prosedyrar, retningsliner og rutinar for arbeidet med skuleskyss som blir revidert jamleg.*

*System for registrering og handsaming av klager.*

2. Etablere system og rutinar for samhandling med kommunane i samsvar med krav i regelverk og interne skildringar.

3. Gjennomføre jamlege økonomiske analysar som kan leggast til grunn for ei realistisk budsjetting av forvaltninga av skuleskyss.

4. Gjennomføre tiltak for å sikre eit tilstrekkeleg kostnadseffektivt skysstilbod, under dette

*Betre heilskapleg planlegging av skysstilboden*

*Betre oppfølging av operatørar*

5. Lage ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplan er utarbeid og vart sendt over til kontrollutvalet 28.09.2016.

Kontrollutvalet gjorde deretter slik vedtak i sak PS 119/2016 i møte 20.10.16:

*Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.*

**Vedtak**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevision av skuleskyss i Hordaland fylkeskommune.*
2. *På bakgrunn av at det er relativt lenge til det meste av forbettingsarbeidet skal vera ferdig - oktober 2017 - ber kontrollutvalet om ny førebels status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 28.2.2017.*

Rapport med førebels status i arbeidet med iversetting av tiltak frå handlingsplanen er no utarbeidd, og ligg vedlagt.

Vedlegg:

1. Tiltaksplan – oppfølging av forvaltningsrevisjon skoleskyss. Status per 23. februar 2017.